



Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Fjellstyrekontoret, Ulvik

Dato: 02.11.19

Klokkeslett: 18.00 – 20.00

Tilstades på møtet

Medlem:

Knut Sygnestveit
Stig Yngve Røkenes
Atle Ulgenes
Ingrid Sponheim

Forfall:

Lars Helge Ljone

Sekretær:

Harald Normann Andersen

Sak 25/19: Referat og meldingar

Sak 26/19: Utedo på Finsebu

Sak 27/19: Informasjonsfoldar – Ulvik fjellstyre

Underskrifter

Me stadfester at møteboka er rett:

Knut Sygnestveit

Stig Yngve Røkenes

Atle Ulgenes

Ingrid Sponheim

Kopi til

- Fjellstyremedlemmer
- Varamedlemmer
- Fjellstyra på Hardangervidda, Vinjesvingen 665, 3890 Vinje
- Fjellstyra kring Hardangervidda
- Hardangervidda Fjellopsyn as. P.b. 2, 5731 Ulvik
- Statskog SF, Storgata 64 A, 2609 Lillehammer

Sak 25/19 Referat og meldingar

Saksdokument:

2019.11.05-012.1.Møtebok Ullensvang fjellstyre
2019.11.14-123 .Invitasjon-Årsmøte i Ulvik rekneskapslag SA
2019.11.15-011.3.Invitasjon fagsamling NFS 2020
2019.11.19-012.1.Møtebok Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning
2019.11.19-012.1.Møtebok Odda fjellstyre
2019.11.25-642.1.Referat møte om fellesfiskekortet 22.11.19 (Eidfjord)
2019.11.25-124 .Oppdragsavtale mellom Ulvik fjellstyre og Vekstra
2019.11.27-011.3.Referat Jan Borgnes NFS, haustmøte Eidfjord

Framlegg til vedtak:

Ingen

Vedtak:

Styret tok meldingane til orientering

Sak 26/19 Utedo på Finsebu

Saksdokument:

Bilete av ferdig utedo på Hansbu, Teikningar

Saksutgreiing:

Ulvik fjellstyre eig 9 hytter og steinbuer i Ulvik statsallmenning. Finsebu ligg lett tilgjengeleg på Finse og er hytta med desidert flest overnattingar. Da hytta vart bygd i 2004 vart det laga ein enkel do med to kammer. Toalettfasiliteten vart oppgradert i 2012 til snurredass med 3 kammer. Snurredassen kan låsast av om summaren, og opnast att før vintersesongen set inn i oktober/november. Etter dette har hytta hatt ei ytterlegare auking på utleige, og fjellstyre ser no at det er behov for ein utedo for å avlaste snurredassen. I 2019 vil hytta gje ei avkastning på om lag 170.000,-. Samanliknar ein med 2012 vart det omsett for 75.000,-.

Ullensvang fjellstyre bygde ny fellesdo på Hansbu vinteren 2019. Bygget var på 3x4 meter med 3 båsar. Hardangervidda Fjelloppsyn utførte arbeidet. Doen på Finse bør ha same storleik da det største rommet kan brukast som lager for ved og anna utstyr. Grunnarbeidet kan gjerast på summaren medan snikkararbeidet kan utførast om vinteren.

Framlegg til vedtak

Saka vert utsett til neste møte. Sakshandsamar sjekkar ut med teknisk etat i Ulvik herad i høve reguleringsføresegnene på Finse.

Vedtak:

Samrøystes

Sak 27/19 Informasjonsfoldar – Ulvik fjellstyre

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

På bakgrunn av fleire tilbakemeldingar i summar om dårleg informasjon vedkommande tilboda som Ulvik fjellstyre har er det komen innspel om at fjellstyre bør lage ein informasjonsfoldar som skal sendast ut til alle husstandar i Ulvik. Det er ynskjeleg at fjellstyre set saman ei arbeidsgruppe som har ansvar for utforming og innhald.

Det må vere eit mål at foldaren er ferdig og klar for utsending i løpet av mai månad.

Referat:

Styret var positive til framlegget til leiar om at fjellstyre burde lage ein informasjonsfoldar med informasjon om jakt – og fisketilboda samt informasjon om m.a. hyttene til fjellstyre. Det vart og peika på at ein måtte ha med eit kart der brukarane kunne finne fram kor hyttene var plassert. I tillegg burde det vere med info om tidsbruk til hyttene og traseval.

Leiar foreslo at dei som skulle halde fram i styret i neste periode, Knut Sygnestveit, Stig Y. Røkenes og Atle Ulgenes burde vere i arbeidsgruppa. Sekretær finn fram bilete som kan nyttast.

Framlegg til vedtak:

Arbeidsgruppa vert sett saman Knut, Stig og Atle som får ansvar for innhald og utforming av informasjonsfoldaren. Sekretær kan bidra med informasjon og får ansvar for å finne bilete som kan nyttast. Faldaren vert utarbeida i word-format og sendt til trykkeri for endeleg layout i pdf-format og kostnadsvurdering. Budsjett for prosjektet vert sett til kr. 10.000,-. Faldaren må vere ferdig i.l.a. mai månad, og vert etter dette distribuert til Ulvik sine husstandar.

Vedtak:

Samrøystes